



Fedje kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/166 - 23/2127

Saksbehandlar:
Alf Kvant

Dato:
21.04.2023

Gbnr 168/343 - Arealoverføring frå 168/343 til 168/131

Administrativt vedtak. Saknr: 018/23

Me syner til søknad motteke 21.04.2023

Vedtak

Det vert gjeve løyve til arealoverføring av omsøkt tilleggsareal frå gbnr. 168/343 til gbnr. 168/131. Grunngevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent reguleringsplan og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:


Det er den 27.03.2023 søkt om arealoverføring frå gbnr. 168/343 til bustadtomt gbnr. 168/131. Dette er i regulert bustadområde i reguleringsplan for Svena. Delingssøknaden og arealoverføringa er i tråd med godkjent reguleringsplan for området. Den vart godkjent den 06.11.1981.

Fedje kommune ynskjer at det vert sett opp gjerde i samråd med reguleringsføresegn § 4 i grensa mellom bustadtomt og regulert leikeareal.

§ 4

Der det vert sett opp gjerde, skal dette ikkje vera hindrande i frisiktsona. Høgde og konstruksjon skal godkjennast av bygningsrådet.

Kart på neste side viser det gule bustadområdet der omsøkt arealoverføring som er markert med raud farge skal skje.



Planen heiter:

Reguleringsplan for Svena

✓ Endelig vedtatt arealplan

NASJONAL AREALPLANID: 4633_198101

PLANTYPE: Eldre reguleringsplan (PBL 1985)

LOVREFERANSE: Plan- og bygningsloven av 1985 eller før

IKRAFTTREDELSESDATO: 06.11.1981

Omsøkt areal er på mellom 150 og 180 m².

Nabo har samtykt til delinga i nabovarselet, dette er datert den 24.03.2023.



Figur 1 Kart over området

Austrheim kommune ser at arealoverføringa er arealmessig fornuftig, søknad er i tråd med plan- og bygningslova, reguleringsplanen og anna lovverk. Søknad kan difor godkjennast som omsøkt. Saka vert med dette sendt over til vidare oppmålingsforretning.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing
Alf Kvant

Fedje kommune

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Maybel Hauge Haukvik

Mottakarar:
Fedje kommune